

# Møtereferat

**Møte:** Tlf møte AU Midt  
**Tid/Sted:** Tysdag 30.10 kl 12 – kl 13.30  
**Tilstede:** Lars Morten Rosmo, Ragnar Valstad, Johan Kristian Daling, Trude Sandstad Eldnes, Bård Tore Berntsen, Sverre Tyldum og Roy Albertsen  
**Forfall:** Kolbjørn Frøseth og Olav Håkon Ulfsnes  
**Kopi til:** Vara AU Midt-Norge, leiargruppa region Midt og Tor Olav Brandtzæg  
**Referent:** Brit Kari Eidseflot Hauger

Molde, 30.10.2018

Sak nr.	Emne	Ansvar
1	<b>Orientering om status kylling</b> Johan Kristian orienterte om betring i salet av kylling, moderat vekst. Fjørfekjøtt vert eigen divisjon/forretningsområde frå årsskiftet, vil synleggjere lønsemda. Produsentane usikre på framtida til Nortura Elverum, men også ynskje om samarbeid med Norsk Kylling.  <u>Spørsmål/kommentarar:</u> <ul style="list-style-type: none"><li>• Korleis er situasjonen for Norsk Kylling?</li><li>• Korleis er stemninga hos kyllingprodusentane?</li></ul> <b>Vedtak: AU tek orienteringa til orientering.</b>	
2	<b>Orientering om status egg</b> Saka gjekk ut pga forfall frå Kolbjørn.	
3	<b>Utredning om skjering Nortura Steinkjer</b> Lars Morten orienterte om at det er nedsett ei aksjonsgruppe og eit arbeidsutval med representantar frå Steinkjer kommune, Nortura eigarar/tillitsvalde, Norsvin, Bondelaget, Bonde- og småbrukarlaget og Steinkjer næringselskap. Steinkjer kommune stiller med adm ressursar.  Mål: Få Nortura til å foreta ei vurdering av alle skjereanlegga for svin, ikkje berre Steinkjer. Minne om dei landbrukspolitiske forpliktelsane Nortura har.  Skal påverke styret og adm i Nortura, samt politisk oppfølging: <ul style="list-style-type: none"><li>• Møte med utvalgte politikere for å forklare situasjonen for næringsmiddelindustrien generelt og Nortura spesielt</li><li>• En til en møter med politikere</li><li>• Bruke Trøndelagsmøtet i samarbeid med Bondelaget for å nå flest mulig politikere</li><li>• Grønt tenkeloft på februar i samarbeid med Bondelaget. Topp foredragsholdere for å nå stortings- og fylkestingspolitikere</li></ul> Det vert også jobba med ein uttale frå RU-møtet.  <u>Innspel/kommentarar:</u> <ul style="list-style-type: none"><li>• Grundig og bra arbeid som vert lagt ned. Viktig å berge skjering og vidareforedling i Midt-Norge. Kan føre til at det ikkje vert slakta gris der det ikkje vert skore ned gris.</li><li>• Viktig arbeid på kort og lang sikt. Knytte produksjon til anlegg i dei ulike</li></ul>	

regionane. Straumlinjeforma produksjon vert meir fokus på. Rollene til Nortura må vektleggast.

**Vedtak: AU tek orienteringa til orientering.**

---

4 **Orientering og drøfting om politikarkontakt**

Vart orientert om under sak 3.

---

5 **Status Trøndersk Matfestival**

Lars Morten orienterte om møte med Jon Thomassen etter AU-samlinga, med ei rekke gode innspel. Felleskjøpet vil ikkje delta. Spekemat frå Tynset kan vere ein god start, med flinke folk. Skal ikkje ha stand som ser ut som ein butikk.

Innspel/kommentarar:

- Lurt å gå for spekemat for å unngå kjøling.

**Vedtak: AU tek orienteringa til orientering.**

---

6 **Eventuelt**

- Småfe: Rykte om at 10 % av saueprodusentane på Oppdal sluttar. Bård Tore har høyrte at 10 produsentar sluttar der. Ny spørjeundersøking er gjort no i haust, vert orientert om på fagutvalsmøte småfe i neste veke. Roy orienterte om indeks på småfeslakting på 110 i region Aust. Forventar reduksjon i produksjonen.
- Storfe: Trude mottatt reaksjon frå TYR om at Nortura signaliserer tydeleg at veksten på storfe må bremsast.
- Ragnar fått realsjonar på overgangen til SAP, uryddig avrekning og spm om rett klassifisering. Produsentar som vurderer å levere konkurrent. Spm om kvifor omlegginga skjer no, misnøye med skyving av sau og storfe. Behov for informasjon.
  - Skyving: Ca 5 000 skyva pga omlegginga til SAP. Meir skyving no pga manglande innfrysingskapasitet.
  - Kostnad på fleire titals mill dersom omlegginga vart utsett til over nyttår.
  - Info mail er utsendt til regionen i forrige veke.
  - Bård Tore har også fått tlf no, mykje engasjement. Tilbakemelding om behov for informasjon.
  - Behov for to typar info: Generell info og info til produsentar som opplever vanskar. Ber om tilbakemelding i RU-møtet om det er behov for info til regionen.
  - Viktig med info på RU-møtet
  - Kan vere ein fordel med info utsendt i forkant av RU-møtet, presisere mangel på frysekapasitet som årsak og ikkje omlegginga.
  - Roy vil sjå på dette i løpet av veka.
- Sverre fått tlf om tidshorisont for nye avtalar med transportørar.